



Årsrapport 2021

SpareBank
LOM OG SKJÅK



Fjellbanken

Foto framside Gravdalstind: Kjetil Flatmoen

Innhold

Banksjefen har ordet	side	6
Strategiplan 2020 – 2023	side	10
Økonomiske utviklingstrekk	side	11
Global økonomi	side	11
Norsk økonomi	side	11
Sparebankane i Noreg	side	13
Bedriftsmarkanden i 2021	side	13
Personkundemarknaden 2021	side	16
Samfunnsengasjement	side	17
Aktivitet gjennom året	side	17
Samfunnsregnskap	side	18
SpareBank 1 Gruppen og Banksamarbeidet	side	19
Om SpareBank 1 Gruppen	side	19
Selskap som er direkte eigd av SpareBank 1 bankane	side	20
Samspar	side	21
EiendomsMegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS	side	21
SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS	side	21
SpareBank 1 Lom og Skjåk Næringslivsfond	side	21
Nøkkeltal	side	22
Årsmelding frå styret	side	23
Generelt	side	23
Eigarstyring og selskapsleiing	side	23
Rekneskapen	side	23
Balansen	side	25
Intern kontroll og risikostyring	side	26
Arbeid mot kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon	side	29
Berekraft	side	29
Menneskerettar	side	30
Korrupsjon	side	31
Personvern	side	31
Revisor	side	31
Tilsette	side	32
Det ytre miljøet	side	36
Energi- og klimarekneskap 2021	side	38
Klimarekneskap	side	38
Framtida	side	44
Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette	side	44
Resultat	side	45
Balanse	side	46
Kontantstrøm	side	47
Egenkapital	side	48

Noter

Note 1	GENERELL INFORMASJON	side	50
Note 2	REGNSKAPSPRINSIPPER	side	50
Note 3	KRITISKE ESTIMATER OG VURDERINGER VEDRØRENDE BRUK AV REGNSKAPSPRINSIPPER	side	59
Note 4	SEGMENTINFORMASJON	side	60
Note 5	KAPITALDEKNING	side	61
Note 6	FINANSIELL RISIKOSTYRING	side	62
Note 7	UTLÅN TIL OG FORDRINGER PÅ KUNDER	side	65
Note 8	OVERFØRING AV UTLÅN TIL KREDITTFORETAK	side	67
Note 9	ALDERSFORDELING PÅ FORFALTE, MEN IKKE NEDSKREVNE UTLÅN	side	68
Note 10	TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIER	side	69
Note 11	MAKS KREDITTRISIKOEKSPONERING, IKKE HENSYNTATT PANTSTILLELSER	side	75
Note 12	KREDITTKVALITET PR. KLASSE AV FINANSIELLE EIENDELER	side	76
Note 13	MARKEDSRISIKO KNYTTET TIL RENTERISIKO	side	77
Note 14	LIKVIDITETSRISIKO / GJENVÆRENDE KONTRAKTSMESSIG LØPETID PÅ FORPLIKTELSER	side	78
Note 15	FORFALLSANALYSE AV EIENDELER OG FORPLIKTELSER	side	78
Note 16	NETTO PROVISJONSINNTEKTER	side	79
Note 17	NETTO VERDIENDRING OG GEVINST/TAP PÅ VALUTA OG FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	79
Note 18	PERSONALKOSTNADER OG YTELSER TIL LEDENDE ANSATTE OG TILLITSVALGTE	side	79
Note 19	DRIFTSKOSTNADER	side	81
Note 20	PENSJONER	side	83
Note 21	SKATT	side	83
Note 22	KLASSIFIKASJON AV FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	85
Note 23	VURDERING AV VIRKELIG VERDI PÅ FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	85
Note 24	VIRKELIG VERDI AV FINANSIELLE INSTRUMENTER VURDERT TIL AMORTISERT KOST ELLER KOSTPRIS	side	87
Note 25	SERTIFIKAT, OBLIGASJONER OG RENTE FOND FORDELT PÅ UTSTEDERSEKTOR	side	87
Note 26	FINANSIELLE DERIVATER	side	88
Note 27	AKSJER, ANDELER OG ANDRE EGENKAPITINTERESSER	side	89
Note 28	VARIGE DRIFTSMIDLER	side	90
Note 29	LEIEAVTALER	side	90
Note 30	ANDRE EIENDELER	side	91
Note 31	INNSKUDD FRA OG GJELD TIL KUNDER	side	91
Note 32	GJELD VED UTSTEDELSE AV VERDIPAPIRER	side	92
Note 33	ANNEN GJELD	side	92
Note 34	AVSETNINGER	side	93
Note 35	GARANTIANSVAR	side	93
Note 36	INVESTERINGER I EIERINTERESSER	side	93
Note 37	VESENTLIGE TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅENDE PARTER	side	94
Note 38	HENDELSER ETTER BALANSEDAGEN	side	95
Erklæring fra styret		side	96
Revisors beretning		side	97
Generalforsamling og tillitsvalde pr. 31.12.2021		side	102
Historisk rekneskap		side	104

Banksjefen har ordet



Vi har lagt bak oss nok eit spesielt år i SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken. 2021 var spesielt for det norske samfunnet og for heile verda. Vi har sidan mars 2020 levd med stor uvisse og uro rundt koronasituasjonen og framtidig utvikling. Dette gjeld både for private, bedrifter og næringsaktørar, som i noko ulik grad har vorte påverka av situasjonen vi har vore i.

I Noreg er vi godt i gang med vaksiner, og dette vil etter kvart føre til ei normalisering av kvardagen og den økonomiske aktiviteten. Vi vil òg i framtida måtte ta omsyn til koronasituasjonen, noko som vil leggje sterke føringar for korleis vi vil leva og korleis næringslivet vil utvikle seg i framtida. Dette har vi sett gjennom spreining av omikronviruset den siste tida, og eventuelle nye mutantar som vil koma. Den utrygge situasjonen skulle vi gjerne ha vore forutan, men både som privatpersonar og næringsaktørar må vi ta omsyn og tilpasse oss. Dei siste åra har vist oss at vi er særst tilpassingsdyktige og endringsvillige, og dette gjeld òg i særst stor grad i vår bransje, bank- og finansnæringa.

I 2020 gjekk SpareBank 1 Lom og Skjåk inn i eit samarbeid med DNT Oslo og Omegn – eit viktig strategisk grep for banken. I tida framover er vi avhengige av vekst både i og utanfor heimemarknaden for å kunne halde fram som ein sjølvstendig og robust lokalbank. Mellom anna med å ta desse strategisk viktige vala ynskjer vi å sikre Fjellbanken ei positiv utvikling i åra framover. Vi fekk sist haust gjennomført eit lenge planlagt fellesarrangement i Oslo saman med DNT Oslo og Omegn. Slike arrangement ynskjer vi fleire av, både i Oslo og i Norddalen. Fellesarenaer og møteplassar er viktige både for privatkundane og bedriftskundane våre, og ikkje minst er ulike arrangement og treff viktige for banken.

I andre kvartal 2021 har vi hatt ein marknads-kampanje, «Flytt til fjells», der 11 tilflyttarar til Nord-Gudbrandsdalen har motteke kr 20 000,- kvar i flyttehjelp. Desse 11 har flytta til kommunane Vågå, Skjåk, Lom og Dovre. Gjennom slike tiltak ynskjer vi å gjera vårt for å synleggjera regionen, og på vår måte bidra til tilflytting i Nord-Gudbrandsdalen.

Vi medverkar til finansiering av lokalt næringsliv, som skaper aktivitet og arbeidsplassar. SpareBank 1 Lom og Skjåk er òg ein stor og attraktiv kompetansearbeidsplass i Gudbrandsdalen. Vi har mål for ansvarleg og berekraftig bankdrift og ynskjer å forankre ein kultur for berekraftig verksemd, både internt i banken og ut mot kundar og samarbeidspartnarar. Dette er òg noko av bakgrunnen for at vi er ein aktiv part i samarbeidsprosjektet «Krafttak for Grøn Vekst», der Fjellbanken saman med andre næringsaktørar i Gudbrandsdalen ynskjer å hjelpe til med omstilling og utvikling av næringslivet i regionen. Dette samarbeidet har skarpt fokus på ei berekraftig omstilling og utvikling innan næringslivet i Gudbrandsdalen, og berekraftsområdet er ein viktig del av den framtidige kvardagen og utviklinga i samfunnet både for privatpersonar og næringslivsaktørar. Ulike bransjar må gjera tilpassingar og endringar i tida framover, og dette vil òg gje nye moglegheiter for oss som bur og verkar i distrikta. Vi har også godt samarbeid med Skåppå og Innovasjon Norge på dette området.

I SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken vil vi framleis ha fokus på det «fygitale» – ein kombinasjon av å vera fysisk til stades og tilby gode digitale løysingar. Gjennom dette vil vi yte god service til kundar både i og utanfor heimemarknaden. I samband med koronasituasjonen har både dei tilsette og kundane våre i større grad nytta digitale verktøy og tenester. Den digitale utviklinga har teke eit stort steg dei siste to åra, og utviklinga vil fortsetja i høg fart på dette området. Vi ynskjer at kundane våre skal få god rådgjeving og gode samtaler med våre tilsette. Samstundes er det òg viktig at dei kan få oppfylt sine behov digitalt når dette er ønskjeleg.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken har 64 dyktige og engasjerte tilsette, medrekna to vikarar. I samsvar med strategiplanen vår har vi dei siste to åra lagt vekt på kompetansekartlegging og organisasjonsutvikling. Bakgrunnen for dette er at vi vil tenkje nytt og vera ein moderne og fleksibel kompetansearbeidsplass. Dei tilsette er den viktigaste ressursen til banken. Derfor ynskjer vi å gje dei rom for utvikling og vekst. Alle tilsette har gjennomført kompetansekartlegging, og dette dannar eit godt grunnlag for vidare utvikling av den enkelte og nødvendig vidareutvikling av banken. Dette er i samsvar med vårt overordna mål for 2021 i strategiplanen: «Ein fleksibel bank i vekst og utvikling». Flexibilitet vil vera ein suksessfaktor for oss i tida framover!

Veker og månader med arbeid på heimekontor dei siste åra har gjort oss enda meir bevisste på kor viktig gode og fleksible arbeidsplassar er, der folk kan møtast og samhandle – ikkje berre digitalt. Våren 2021 tok vi i bruk nyoppussa lokale i Skjåk. Mange dyktige lokale handverk- arar og rådgjevarar har gjort at lokala som har stått tomme i fleire år, har vorte kraftig oppgradert til flotte arenaer for kunnskapsdeling, kulturbygging og produksjon av banktenester. Osloavdelinga flytta i august inn i nye lokale i Bjørvika. Som nabo til Oslo S er Fjellbanken lett å finne, og vi har fått betre plass til både rådgjevarar frå dalen og små og store kunde- arrangement. På tampen av året signerte vi ny kontrakt om leige av lokale på Dombås.

Adressa er den same som før, men vi skal framover utvide og dele lokale med SpareBank 1 Regnskapshuset SMN. Vi ser fram til å få mange nye kollegaer under same tak på Dombås, og er glade for at kundane våre kan få oppfylt enda fleire behov ved å besøke oss.

I 2021 delte vi for tredje gong ut SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken sin næringspris, og vi delte ut talentstipendet vårt for femte gong. Det er viktig for oss å heie på både aktive næringsaktørar og flinke ungdommar frå Nord- Gudbrandsdalen! Koronasituasjonen førte til at vi heller ikkje i 2021 fekk gjennomført planlagde arrangement for utdelingane, noko vi håpar å få til neste år.

Banken er godkjend som lærlingbedrift innan kontor- og administrasjonsfaget og IKT-faget. Vår første IKT-lærling tok fagbrevet våren 2021. Vi har for tida ingen lærling i banken, men vi vil framover sjå på moglegheiter både for lærling og eventuelt trainee. Vi har i fleire år hatt godt samarbeid med Brimikjøken og Opplærings- kontoret for Gudbrandsdalen. Det er viktig med god rekruttering for alle bedrifter i Norddalen, og da er det viktig med stort mangfald og ulik kompetanse.

Det har over mange år vore gjort ein god og viktig jobb i samarbeid med Ungt Entreprenørskap og skulane i Norddalen. Dette er det viktig å bygge vidare på i tida framover. Fokus på økonomi (privat/bedrift) og synleggjering av banken er viktig overfor dei unge innbyggjarane i kommunane våre. Vi vil følgje ungdommane når dei flytter ut for å arbeide eller studere, og vi ynskjer at fleire av dei kjem attende til eit godt og aktivt liv i Norddalen. Dei unge er framtida vår!

Utdanning og utdanningsløp der det blir lagt til rette for tett samarbeid mellom næringsliv, utdanningsinstitusjonar og offentleg sektor, vil vera viktig i framtida. Ein sentral del i dette er å kunne tilby desentralisert høgare utdanning innan ulike fagfelt. Dette er aktuelt på fleire fagområde, eksempelvis reiseliv, økonomi og teknisk fagkompetanse. Utdanningsløpa må vinklast mot dei behova arbeidsmarknaden i

området vårt har. Vi bør vera i forkant og sjå kva vi har bruk for av kompetanse i regionen i framtida. Det er òg viktig med ei kopling mellom forskingsmiljø og næringsliv, da dette vil kunne resultere både i gründerverksemd, knoppskyting og utvikling av eksisterande bedrifter i regionen.

Næringslivet i Norddalen består m.a. av mange reiselivsverksemdar og mykje landbruk. I landbruket ser vi på det som positivt at yngre overtek gardsbruk i samband med generasjonsskifte og ynskjer å vidareutvikle garden gjennom større investeringar. Rammene for landbruket må sikre ei påreknelig utvikling. Det er sterk samanheng mellom landbruk, reiseliv, detaljhandel og lokale entreprenørar. Koronaperioden har vore vanskeleg for mange. Likevel har fleire av kundane våre nytta høvet til å gjennomføre renovering denne tida. Fleire entreprenørar og bygg/anlegg har behov for større oppdrag i nærområdet. Dette kan være offentlege anlegg, som vegutbygging m.m. Alt heng saman – alle bransjar og næringsaktørar er avhengige av kvarandre og av ei god utvikling i distriktet. Vi må ha søkeljos på å nytte kvarande – handle lokalt og bruke lokale samarbeidspartnarar!

Halvparten av nye kundar og halve utlånsporteføljen ligg utanfor heimeområdet vårt. Ein stor del av desse kundane er i Oslo og omland – eit resultat av strategien til banken på 1980-talet, der banken følgde utflytta kundar frå Lom og Skjåk. Dette er bakgrunnen for at vi har etablert avdelingskontor i Oslo. Vi har to fast tilsette i Oslo, i tillegg til at tilsette frå Norddalen har arbeidsdagar der. Dette er eit viktig strategisk val for SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken legg fram årsresultatet for 2021 med eit overskot etter tap og skatt på 95,5 mill. kr. I 2021 hadde banken ein rentenetto på 1,43 % og auka provisjonsinntekter. Banken hadde i 2021 tap på kr 4,3 mill.

Ved utgangen av 2021 er forvaltningskapitalen 8,1 mrd. kroner. Når ein reknar med lån som er overført til SpareBank 1 Boligkreditt, er forvaltningskapitalen 10,0 mrd. kroner. Eigenkapitalen er 1,2 mrd. kroner og utgjer 14,7 % av balansen.

Sjølv om 2021 har vore eit krevjande år for SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken, har vi likevel eit tilfredsstillande årsresultat. Dette er skapt av alle dei tilsette i banken. Utan godt samarbeid og god innsats frå den enkelte hadde dette ikkje vore mogleg. Takk til dykk alle for god innsats i 2021. Det har vore nok eit krevjande år, med høge krav til fleksibilitet og endring. Dette har den enkelte kjent på, men saman har vi møtt den endra situasjonen på ein god måte. Vi har i fellesskap lykkast med å få til eit bra resultat i eit spesielt år, og det har vore mange gode kundesamtaler og god kundeoppfølging i året som har gått. Eg har god tru på at vi saman skal skapa gode resultat og gode kundeopplevingar framover!


Det er framleis stor usikkerheit knytt til framtida og økonomisk utvikling både i 2022 og lenger framover. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken vil òg framover ha fokus på å oppretthalde god drift og skape gode resultat for å kunne vera ein solid lokalbank og ein aktiv samfunnsaktør i Nord-Gudbrandsdalen.

Eg vil takke kundane, samarbeidspartnarane, styret og dei tillitsvalde for 2021 og ynskjer alle eit godt år i 2022.

Unni Strand
adm. banksjef

Lokalbanken din – der du er!

Holungssetra. Foto: Kjell Ola Haugen



Strategiplan 2020–2023

Styret vedtok i januar 2020 strategiplan for perioden 2020–2023. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken er ein solid lokalbank med lange tradisjonar. Strategien er å synleggjera identiteten vår og oppretthalde særpreget vårt. Midt i Nasjonalparkriket ligg SpareBank 1 Lom og Skjåk. Vi er Fjellbanken, og identiteten vår er knytt til fjellet: Nær – solid – livgjevande. Vår visjon er «Lokalbanken din – der du er». Vi er lokalbanken som samarbeider med næringsliv, lag og foreiningar for å bidra til positiv utvikling i området. Dette er i tråd med formålet til banken: «Drivkraft for utvikling av lokalsamfunnet».

Gode resultat og solid eigenkapital er avgjerande for at SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken skal halde fram med å vera ein sjølvstendig lokalbank. Gode resultat vert skapt gjennom vekst og effektiv drift, som også gjev grunnlag for vidare utvikling av banken og gjer det mogleg å stimulere til utvikling i lokalsamfunnet. Vi må ha ein soliditet som gjer at vi kan ta risiko for å kunna bidra med finansiering til lokalt næringsliv som skaper aktivitet og arbeids-

plassar. Vi ynskjer å kunne bidra med støtte til lokale aktivitetar, lag og foreiningar som gjer det godt å bu i Nord-Gudbrandsdalen både for unge og eldre. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken er òg ein stor og attraktiv arbeidsgjevar som etterspør kompetansearbeidskraft.

I ei moderne bankverd er det viktig å vera god på digitale og mobile flater. Dette er med på å byggje opp under gode kunderelasjonar via enkle og brukarvenlege løysingar. Gode kunde-relasjonar er viktige for SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken. Vi vil vera ein bank for kundane våre!

Rammevilkåra er i stadig endring, og dei regulatoriske krava frå styresmaktene blir stadig strengare. Økonomisk politikk må gjennom lover og forskrifter gje finansnæringa like konkurransevilkår for både små og store finansaktørar. Slik kan vi saman kan skapa nødvendig økonomisk vekst rundt om i heile landet. Det er viktig med breidde i finansmarknaden, frå store nasjonale aktørar til regionbanker og lokalbankar.



Smådalen. Foto: Bjørn Inge Glimsdal

Økonomiske utviklingstrekk 2021

Norsk økonomi har i løpet av 2021 henta seg kraftig inn etter nedgangen som følgje av pandemien og restriksjonar pålagt av styresmaktene. Norges Bank har i to omgangar heva styringsrenta frå rekordlåge null prosent, og har signalisert tre rentehevingar i 2022. Aktiviteten i økonomien er attende på nivået før krisa treffe oss, arbeidsløysa er monaleg redusert og prisauken har teke seg opp. Høg vaksinasjonsgrad blant innbyggjarane har dempa risikoen for nye attendeslag og behov for nye restriksjonar som følgje av virusmutasjonar.

Global økonomi

Pandemien har i snart to år prega utviklinga i verdsøkonomien. Økonomien har henta seg sterkt inn også internasjonalt, med reduksjon i restriksjonar og auka mobilitet. Aukande smittetrend som følgje av spreining av omikronvarianten og nye smitteverntiltak har sidan hausten 2021 dempa veksten. Flaskehalsar i globale verdikjeder med påfølgjande høg prisvekst i tillegg til høge straumprisar i Europa har påverka vekstbiletet negativt.

Ekspansiv penge- og finanspolitikk har vore med å dempe det økonomiske attendeslaget i dei fleste land. Med stigande aktivitet, høgare inflasjon og mindre arbeidsløysa er det venta at både penge- og finanspolitikken blir stramma til. Den amerikanske sentralbanken har signalisert nedtrapping av ekstraordinære pengepolitiske stimuli gjennom reduserte støttekjøp av obligasjonar, og første renteheving sidan 2018 er venta i mars 2022. Den europeiske sentralbanken har teke ein meir avventande posisjon, og har signalisert renteheving først i starten av 2023.

Høgare prisar på energi, råvarer, elektroniske komponentar og fraktratar har ført til markert oppgang i prisveksten. Utsikta til høgare prisvekst også i 2022 har vore med på å auke forventningane til høgare styringsrenter, noko som også har ført til større uvisse i aksjemarknaden.

Det er stor internasjonal uvisse om korleis pandemien vil utvikle seg. Mykje vil avhenge av vaksinasjonsgrad og effektiviteten mot nye

mutasjonar. Samstundes er det risiko for framleis høg inflasjon, aukande smitte og strenge tiltak pålagt av styresmaktene.

Norsk økonomi

I løpet av 2021 har norsk økonomi vore prega av sterk aktivitetsvekst og mindre arbeidsløysa. I Noreg, som i resten av verda, har auka smittspreiing av omikronvarianten mot slutten av 2021 og omfattande smitteverntiltak lagt ein dempar på aktiviteten.

Våren 2021 starta styresmaktene på ei gradvis opning av samfunnet med lette i smitteverntiltaka. Opninga førte til ein solid oppgang i norsk økonomi, og i tredje kvartal steig BNP for fastlands-Noreg med 2,6 prosent.

Norske hushald har spart mykje meir enn normalt gjennom pandemiperioden, med uvisse og avgrensa moglegheit til forbruk. I takt med gradvis avviking av restriksjonar er det venta at auka konsum i hushalda, særleg av tenester, vil føre til eit løft i norsk økonomi.

Straumprisane har auka markert sidan hausten 2021, og det er utsikter til at prisane vil halde seg høge. Prisaukinga er med på å trekkje ned disponibel realinntekt, sjølv om straumstøtteordninga frå regjeringa reduserer effekten noko. Utsikter til høgare rentekostnader og mindre overføringar frå det offentlege med avviking av ekstraordinære stønadsordningar, kan dempe veksten framover. På den andre sida er det venta høgare lønnsvekst.

For å dempe tilbakeslaget som følgje av pandemi og statlege restriksjonar er det ført ein svært ekspansiv penge- og finanspolitikk. Noregs Bank reduserte styringsrenta til null prosent i mai 2020, og heldt renta rekordlåg fram til september 2021. Sentralbanken grunna rentehevinga med markert oppgang i norsk økonomi etter opninga, og med at aktivitetsnivået hausten 2021 var høgare enn før pandemien. Noregs Bank heva renta att i desember, til 0,50 %, og signaliserte samstundes i renteprognosen tre ytterlegare rentehevingar i løpet av 2022.



Inntaket i Eidefossen før Nedre Otta-prosjektet vart starta opp. Foto: Eidefoss.

Ifølgje nysaldert budsjett for 2021 er det rekna med at dei økonomiske tiltaka i møte med pandemien er på 90,4 milliardar kroner. Av dette går nesten 34 milliardar til tiltak for bedrifter, inkludert kompensasjonsordninga. Det er brukt om lag 20 milliardar i tiltak for hushald i 2021, der brorparten gjekk til Folketrygda. Resten er målretta tiltak for sektorar med kritiske samfunnsoppgåver.

Fleire bedrifter i Noregs Banks regionale nettverk rapporterte i november om ein sterk oppgang i kapasitetsutnyttinga, og at mangel

på arbeidskraft og forseinkingar i globale verdikjeder avgrensar produksjonen noko. Det er venta at desse forholda vil dempe vidare vekst. Kontaktane i nettverket rapporterer også dårlegare samsvar mellom tilgjengeleg og etterspurd arbeidskraft. Statistikken til NAV som gjeld nye ledige stillingar og utvalsundersøkinga Statistisk sentralbyrå har for ledige stillingar, stadfestar at etterspurnaden etter arbeidskraft har vore svært høg i 2021.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar har gjennom alle tider spelt ei avgjerande rolle for utvikling av lokalsamfunn og næringsliv i heile landet. Sparebankane spelar ei stadig viktigare rolle både lokalt, regionalt og nasjonalt. Den lokale sparebanken har god kjennskap til marknaden og til utfordringar lokale næringslivsaktørar har. Gjennom denne kompetansen har lokalbanken eit stort konkurransefortrinn. Lokalbanken utgjer ein heilt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg.

I 1929 var det heile 638 sparebankar i Noreg, og det har sidan den gong vore gjennomført

mange fusjonar og samanslåingar av lokalbankar. Talet på sparebankar i Noreg er nå 94. Det er ulike spådomar når det gjeld fusjonstakt og samanslåing av bankar i tida framover, og det er òg ulike meiningar når det gjeld naudsynt storleik på lokalbanken. Det er særst viktig at dei lokale sparebankane har god drift og skaper solide overskot, slik at dei òg i tida framover kan bidra til positiv utvikling i lokalsamfunna våre. Inngangen til året 2021 var prega av mørke skyer og usikre framtidsutsikter. Ved årsslutt er det framleis ein usikker kvardag på grunn av pandemien, særleg for kundar i bransjar som på nytt må stengje ned.

Bedriftsmarknaden i 2021

2021 vart eit spesielt år. Inngangen til året var prega av mørke skyer og usikre framtidsutsikter. Ved årsslutt er det framleis usikker kvardag på grunn av pandemien, særleg for kundar i bransjar som på nytt må stengje ned. Trass i fleire usikre faktorar kan bedriftsmarknadsavdelinga syne til ein netto vekst i utlån til bedrifter på 9,61 %, nær 293,5 mill. kroner. Gjennom banken sitt eigarskap i SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS har vi finansiert 74 objekt gjennom leasing og salspantlån, totalt 35 mill. kroner.

Kvardagen for landbrukskundane er utfordrande når dei økonomiske føresetnadene endrar seg i negativ retning. Pandemien har vore positiv for omsetnaden av landbruksprodukt produsert i Noreg. Lite hjelper dette produsentane, som ser at prisane dei oppnår for produkta sine, ikkje stig i samsvar med kostnaden på innsatsfaktorane. Gjennomgåande ser vi at bøndene produserer meir og topplina aukar. Dessverre aukar kostnadssida meir. Driftsresultata og kontantstraumen blir redusert, og dette har gjeve seg utslag i auka driftskredittar. Som lokalbank, med store utlån til landbrukskundar, sluttar vi oss til det fagorganisasjonane skriv. Ljos i grendene og driftsbygningane er avhengig av at prisane til produsentane gjev auka inntektsgrunnlag til naudsynt vedlikehald, god dyrevelferd og nye investeringar. Tidleg

vinter 2021 handsama vi mange søknader om støtte via Innovasjon Norge til nye driftsbygningar. Det var fleire som ikkje nådde opp i søknadsrunden, og dermed er fleire investeringar sett på vent. Vi har òg ein del som søker for omgangen 2022, og det er stor interesse rundt prosjektet «Laus ku og framtidstru»

Lokal industri har i liten grad vore påverka av pandemien. Det er gledeleg å følgje utviklinga i etablert industri og nye industriverksemder som har kome til lokalt siste året. Nyoppføring av industribygg og kjøp og ombygging av industrieigedom syner at lokale investorar har framtidstru. Eigenkapital opparbeidd gjennom åra, og/eller tilført frå investorar, saman med lånefinansiering, kommunale næringsfond og støtte frå Innovasjon Norge, gjev vekst i industriarbeidsplassar. Samarbeid på tvers av kommunegrensar og møte mellom ulike fagmiljø og kapitalkjelder er viktige faktorar for å lykkast med nye industriverksemder.



Stor interesse rundt prosjektet «Laus ku framtidstru».

Omgjeve av fleire nasjonalparker, med god plass, naturgjevne fortrinn og ikkje minst breie tilbud innan servering, overnatting og aktivitetar, utgjer reiselivet ei stor kundegruppe for banken. Sommaren 2020 synte at verksemdene klarte å drive godt med smitteverntiltak. Framfor ein usikker vinter 2021 finansierte vi fleire større prosjekt med ombygging og renovering. Med liten vintertrafikk fekk verksemdene gjennomført prosjekta utan ekstra arbeid knytt til ordinær drift, og kunne møte sommarsesongen med nye og tidsmessige lokale.

Gjennom sommaren 2021 såg vi same trenden som året før. Nordmenn ferierte i eige land, og mange vitja vårt område, også langt utover hausten. Verksemdene greidde å drive godt med tilpassa smitteverntiltak. Målretta og god marknadsføring av fjellregionen over tid har gjeve valuta for pengane som er brukt.

På same vis som reiselivet har handels- og servicenæringa tilpassa seg situasjonen. Både har

nytt godt av stor turisttrafikk. Det er fokus på å handle lokalt, og med eit aukande tilbod av lokale produkt er vareutvalet stort og spennande. Serveringsverksemdene er flinke til å nytte lokale råvarer, og gjennom dette blir området vårt ei sterk merkevare når det gjeld tilbod av mat.

Trygge arbeidsplassar er berebelken i lokalsamfunna. Tilgangen på arbeidsplassar er grunnlaget for å oppretthalde busetjinga. Det er naudsynt at verksemdene uansett bransje går med overskot, slik at dei held oppe inntektsgrunnlaget og opparbeider eigenkapital til fornying. Vekst i utlån frå banken til industri, handel, entreprenørar, bygg og anlegg, tenesteyting, reiseliv og landbruk, utbygging av infrastruktur og opparbeiding av tomter for bustader og hytter ser vi som viktige delar av vårt langsiktige arbeid med å sikre tilgang på arbeidsplassar i ulike yrke. Det er – og skal vera – konkurranse, om ulike oppdrag mellom aktørane. Om ein konkurrerer den eine dagen,

Nordmenn ferierte i eiga land, og mange vitja vårt område, også langt utover hausten. Foto: Visus





200 plassar vart fulltegna på under ei veke på det populære fjelløpet Jotunheimen Ultimate Challenge i fjor sommar, der Fjellbanken var stolt sponsor.

er det også viktig med samarbeid og samhandling mellom ulike fagmiljø den andre. Verdiskaping og overskot i den ein skilde verksemda er avhengig av levering av tenester til og mellom ulike verksemdar.

I 2021 har vi vore med på fleire nyetableringar i primærmarknadsområdet vårt. Hovuddelen av nye etableringar er knytt til oppstart av nye verksemdar, generasjonsskifte i landbruket, omorganiseringar for å kunne utvikle og møte nye krav og leggje til rette for framtidige eigarskifte. Utanfor primærmarknadsområdet har vi siste året sett stor aktivitet blant etablerte og nye kundar innan fast eigedom. Engasjementa våre er knytt til utvikling, bygging og sal av nye bustadar og fritidsbustader. SpareBank 1 Lom og Skjåk har i tillegg finansiert bygging og kjøp

med formål å leige ut bustadar, hyblar og fritidsleilegheiter.

Banken har mellom anna forbetra dei tekniske løysingane for å bli kunde. Dette gjer at rådgjevarane kan bruke tida si på relevant rådgjeving til både nye og etablerte kundar. 2021 har ikkje vore året for treffpunkt for næringslivet. Av eigne arrangement var det berre turen til AgroTeknikk på Lillestrøm 25. november som let seg gjennomføre. Tildeling av ni næringsstipend er gjort, men utdeling har ikkje funne stad ennå. SpareBank 1 Lom og Skjåk Næringslivsfond har delt ut til saman kr 500 000 i 2021. Næringsstipenda utgjorde som i 2020 halvparten av dette.

Det er forbunde med risiko å drive utlån til næringslivet. SpareBank 1 Lom og Skjåk har generelt lite misleghald. Faktiske tap og avsetjingar for forventa tap er knytt til fleire bransjar. Det er som i 2020 næringseigedom for utleige det er knytt størst risiko til. Framleis er det utfordringar med å finne leigetakarar til å fyller opp ledige lokale. SpareBank 1 Lom og Skjåk har eit fåtal kundar som har gått konkurs i 2021, og ingen av konkursane har sin direkte årsak i pandemien.

Dei statlege verkemidla har mellom anna vore knytt til kompensasjon for kostnader når inntektene blir lågare. Reduserte resultat tek bort noko av handlefridomen til vedlikehald og nye investeringar. I vår vurdering av risiko har vi i liten grad teke omsyn til resultat for 2020. Vi har sett vår lit til at vaksinerer verkar, og at verksemdene vil koma attende til normalsituasjonen der vi vil sjå auka omsetjing og betre resultat.

Målet til bedriftsmarknadsavdelinga er å vera med på sunn finansiering av næringslivet, slik at sysselsetjing, aktivitet og nye investeringar bidreg til vekst for å møte framtida, skiftande etter-spurnad og krav.



Etter mange rundar landa vi på at vi ynskte å foliere opp ein semitrailer på 13 meter med budskapet «Nå tilbyr vi gratis flyttehjelp til alle som vil flytte til fjells. Book flyttehjelp på fjellbanken.no»

Personkundemarknaden 2021

Sjølv om 2021 har vore eit år der koronaen framleis har prega kvardagen, opplevde Fjellbanken god pågang frå både nye og eksisterande privatkundar. Vi kunne ved årsslutt notere oss ein utlånsvekst til privatmarknaden på 11,5 %. Kundetilstrøyminga kjem i all hovudsak frå vårt nærrområde og Oslo-området, i tillegg til noko frå andre delar av landet. Ved Oslo-kontoret vårt har vi i 2021 tilsett ein ny privatrådgjevar, så nå har vi to rådgjevarar fast der. Satsinga i Oslo er viktig for at vi kan vinne vekst og halde fram som ein solid lokalbank.

Gjennom 2021 har Fjellbanken bygt vidare på samarbeidsavtala med DNT, der vi tilbyr eigne DNT-produkt for DNT-medlemmer. Det har i 2021 vore utfordrande å gjennomføre kundearrangement på grunn av restriksjonar knytt til pandemien, men både på Dombås og for DNT-medlemmer i Oslo fekk vi gjennomført godt besøkte arrangement.

På produksida til privatmarknaden har vi lansert Førstehjemsloan og Fjellbanken hyttelån. Den digitale utviklinga er viktig i banken, og vi ser at kundane våre i større grad etterspør og nyttar seg av digitale flater.

Samfunnsengasjement

Nok eit annleis år har gått. Erfaringar av å gjera ting på andre måtar kjem godt med, sjølv om vi gjerne skulle ha sett at vi kunne ha gjennomført arrangement som normalt. Dei fleste har bite tennene saman og gått på nok ei runde med å tenkje kreativt på gjennomføring. Heldigvis har mange fått til mykje innanfor dei restriksjonane som har vore. Vi har vorte gode på mykje i denne tida også, og erfart at det faktisk er

mogleg å arrangere små konsertar der t.d. stolane har to meters avstand, at det går heilt fint å sitja ei stund med munnbind. Vi er veldig glade for å sjå, og glade for å ha vore med og støtta dei som turte å gjennomføre. Vi vinn mykje på at vi er vande med å vera mykje ute i alt slags vêr, slik at det lèt seg gjennomføre og at publikum også kjem.

Aktivitet gjennom året

2021 vart naturleg nok mange arrangement og prosjekt avlyst eller utsett att. Frå året før såg vi kor viktig det var å vera fleksibel med tanke på støtte, sjølv om mykje vart utsett på ubestemt tid. Der folk satsar og verkeleg viser lange horisontar for det dei driv med, er det viktig at vi er rausa. Det kjem ei tid etter pandemien også. Det er viktig å ha litt tryggleik når det skal setjast i gang att for fullt, slik at vi ikkje må starte heilt på nytt. Banken er veldig takksam for å få vera bidragsytar til mykje spennande folk driv med.

Utdeling av gåvemidlar frå overskotet i banken er ein viktig post for oss kvart år. Frå overskotet i 2020 delte vi ut 374 500 kroner fordelt på 90 søkjarar. Idretten blir hardt ramma med restriksjonar pga. pandemien. Det er i idretten vi finn dei fleste barn og unge. Idrettsarenaene er enormt viktige møteplassar for utfalding, samvær og meistring, som gjennom mykje av året vart tekne frå dei. Banken ynskjer derfor å gje ekstra til idrettslaga som søkte. Derfor vart tildelinga noko større enn åra før.

Arrangementet for utdeling av Talentstipend vart også avlyst grunna restriksjonar. Det er veldig synd ikkje å få gjort stas på ungdommen, slik dei fortener. Det er noko heilt eige når vi kan møtast og verkeleg få prata med dei og få eit innblikk i det talentet dei har. Men dei er så klart like lykkelege og glade for stipendet dei får, og uttrykkjer at dette

kjem veldig godt med for vidare satsing. Banken gir kvart år kr 375 000,- fordelt på 18 stipend.

I starten av året kunne vi igjen annonsere at vi er stolt sponsor av gratis heiskort på Lemonsjøen Alpinsenter til alle 3. klassingane i Ottadalen. Dette har vi gjort i mange år, og dette er eit viktig bidrag for å få ungane ut og kjenne på gleda ved å stå på ski.

17. mars feira vi Gudbrandsdalsostens dag i Lom og i Skjåk. Mange stilte opp, ungane fekk matpakke med brød frå Bakeriet, bidrag frå Fjellbanken og dei to kommunane som var med på finansieringa. Det var ein dag og er eit produkt vi skal vere stolte over.

Det byrja så smått å nærme seg vår og sommar og vi skulle i gang med vår største marknadskampanje nokon gong. Over lang tid har vi kjent på ønskje og behov for å bidra, ikkje berre som bank, men også som samfunnsaktør. Vi har i fleire samanhengar over lengre tid vore veldig opptekne av tilflytting, kva som skal til få å lokke utflytte heim att, men også andre som t.d. berre har lyst til å flytte ut av byen og leva rolegare med flott natur rundt seg.

Etter mange rundar landa vi på at vi ønskte å foliere opp ein semitrailer på 13 meter med bodskapet «Nå tilbyr vi gratis flyttehjelp til alle som vi flytte til fjells. Book flyttehjelp på fjellbanken.no» Dette var eit dristig marknadstunt,

som vi heldigvis fekk veldig gode attendemeldingar på. Vi brukte berre lokale samarbeidspartnarar, både på leige av trailer og på sjølve flyttinga. Det vart noko meir arbeid enn vi trudde, men vi fekk ei rik erfaring, med innblikk i kor mange som faktisk flytta den sommaren. I tillegg til trailer hadde vi ein stor kampanje på sosiale medium som retta seg mot publikum i Oslo-området. Vi følgde opp kampanjen med andre type bodskap gjennom hausten og jula.

Elles var det gledeleg å sjå at det vart gjennomført fleire arrangement i alle norddalskommunane etter kvart som det vart tillate utpå hausten, der vi var så heldige å få vera med som sponsor. I Skjåk var det ein konsert på Ramstadbue rett før jul. Det vart også ei fin oppleving med hausttakk og påfølgjande konsert i Skjåkhallen.

I Lom vart Diktardagar gjennomført som så mange år før, og i tillegg var vi så heldige å få bidra med kjøp av søkeapparat til fjellredning for Fjellsenteret. Dette apparatet skal vidare til hjelpekorpsa i Ottadalen.

I Vågå vart ridebana på Klonas opna i regi av Ottadalen hestesportklubb, Det er stas for oss å få vera med og gje hesteinteresserte eit godt tilbod. Traktorrock gjekk av stabelen som åra før, og vi støtta konsertar i Ullinsvin. Besseggløpet, Vågåtreffen og Sjørdalsløpet vart også gjennomført i år, heldigvis. Det vart til og med Fotofestival og utstilling med Kjell Andersen i Ullinsvin. På Lesja var vi med og støtta opparbeiding av ny ishockeybane i Kjørengrende, og ein stor og flott aktivitetssleir i sommar med Yuki Karate-

klubb på Dombås. Det tradisjonsrike Tusshheim opp på Lesja vart også gjennomført.

Gudbrandsdal Musikkfest gjekk av stabelen i haust, med eit stjernelag fullt på høgde med fjellheimen rundt oss. Det var særst artig å bidra til – og oppleve – dette ensemblet med konsertar på ei mengd spennande scener i Norddalen, både Flye, Avdembue og Sandbu Gard.

Endeleg kunne vi få gjennomføre kundearrangement i Oslo. Dette måtte vi avlyse tidlegare på året. Banken har veldig mange kundar i Oslo, og er satsingsområdet vårt for vidare vekst. Det vart verkeleg ein vellykka kveld saman med samarbeidspartnar DNT Oslo og Omegn. Cecilie Skog var foredragshaldar og bergtok publikum med sine historier og eventyrlege reiser. Vi satsar på å få til eit liknande opplegg også for kundane våre her heime i 2022.


Vi fekk til og med gjennomført den tradisjonsrike turen vår til Lillestrøm, der vi inviterer landbrukskundane våre til Agroteknikk. Det var full buss og ein flott dag på Lillestrøm.

Til slutt må vi også nemne at vi er så heldig å få besøk av russen som en del av støtta vi gjev dei kvart år når dei skal i gang med russebil og feiring. Der får vi prata om viktige ting som ventar dei framover, slik som for eksempel fordelane ved riktig bruk av kredittkort, ulike sparemåtar, BSU og reise- og innbuforsikring.


Samfunnsregnskap

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein stor arbeidsgjevar. Medrekna skatt betalt av dei tilsette bidreg banken med 38,8 mill. kroner i skattar og avgifter. Når vi reknar med gåver, stipend og sponsormidlar, er bidraget frå bankaktivitetane i 2021 på i alt 43,3 mill. kroner.





I 2021 er samfunnsbidraget frå banken sine aktivitetar på i alt 43,3 mill. kroner.



Dei 5 siste åra har banken betalt over 22,2 mill. kroner i gåver, stipend og sponsormidlar.

SpareBank 1 Gruppen og Banksamarbeidet

Bankane i SpareBank 1-alliansen består av 14 sjølvstendige sparebankar (juridiske einingar). I 2021 gjekk SpareBank 1 Helgeland inn i SpareBank 1 Alliansen som ein av 10 bankar i Samspar. SpareBank 1 BV og SpareBank 1 Telemark fusjonerte i 2021 til SpareBank 1 Sør-Øst Norge, og det er også bestemt at SpareBank 1 Modum skal gå inn som ein del av SpareBank 1 Sør-Øst Norge i løpet av 2022. Totalt arbeider omlag 7 500 tilsette i SpareBank 1.

Om SpareBank 1 Gruppen

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet til fleire dotterselskap som alle utviklar og leverer produkt til alliansebankane, som igjen tilbyr desse til kundane i lokalmarkedene sine. Selskapet utviklar og leverer også produkt til LOs forbund og forbundsmedlemmer gjennom fordelsprogrammet LOfavør.

14 SpareBank 1-bankar

SpareBank 1
SR-BANK

SpareBank 1
SMN

SpareBank 1
NORD-NORGE

SpareBank 1
ØSTLANDET

SpareBank 1
MODUM

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

SpareBank 1
NORDVEST

SpareBank 1
RINGERIKE HADELAND

SpareBank 1
GUDBRANDSDAL

SpareBank 1
SØRØST-NORGE

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE

SpareBank 1
HELGELAND

SpareBank 1
LOM OG SKJÅK

SpareBank 1
ØSTFOLD•AKERSHUS

SpareBank 1

SpareBank 1 Gruppen AS er 100 prosent eigd av SpareBank 1-bankar og Landsorganisasjonen LO med følgjande eigarbrøk:

SpareBank 1 SR-Bank (19,5 %), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %), SpareBank 1 SMN (19,5 %), Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %), SpareBank 1 Østlandet (12,4 %), og Landsorganisasjonen og fagforbund tilknytt LO (9,6 %).

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100 % av aksjane i følgjande dotterselskap:

- SpareBank 1 Forsikring AS (Pensjonsselskapet)
- SpareBank 1 Factoring AS
- Mohdi Finance AS
- SpareBank 1 Spleis AS

I tillegg eig SpareBank 1 Gruppen:

- Lofavør AS (49%)
- Fremtind Forsikring AS (65%)
- SpareBank 1 Utvikling DA (10%)

Selskap som er direkte eigd av SpareBank 1 bankane

Ti finansselskap utanfor alliansesamarbeidet er også ein del av selskapa til SpareBank 1-alliansen. Dei er direkte eigd av bankane med eigarskapsbrøk/delar som er forskjellig frå bank til bank.

I 2021 danna bankane i alliansen eit nytt felles forvaltningsselskap som skal satse på spare- og investeringsområdet, SpareBank 1 Forvaltning. Frå same tidspunkt vart ODIN Forvaltning og SpareBank 1 Verdipapirservice ein del av dette selskapet. ODIN var skilt ut frå SpareBank 1 Gruppen AS, og SpareBank 1 Verdipapirservice vart skilt ut frå SpareBank 1 Utvikling. SpareBank 1 Forvaltning kjøpte også opp SpareBank 1 SR

Forvaltning, og etablerer SpareBank 1 Fonda, som inkluderer to nye indeksfond. Merkenamnet ODIN og ODIN-fonda vil bestå.

SpareBank 1 Utvikling DA består av ei rekkje utviklings- og fagmiljø, som leverer forretningsplattformer og felles forvaltnings- og utviklingstenester til eigarbankane. Selskapet bidreg til at felles utvikling og aktivitetar gjev bankane stordrifts- og kompetansefordelar, og eig og forvaltar dei immaterielle rettane til alliansen under det felles merkevarenamnet «SpareBank 1»

SpareBank 1 SR-BANK	SpareBank 1 SMN	SpareBank 1 NORD-NORGE	SpareBank 1 ØSTLANDET	SpareBank 1 SAMSPAR
* 18/19,5%	18 /19,5%	18/19,5 %	18/12,4 %	18/19,5 %
Alliansesamarbeidet				Direkteeigdeselskap:
SpareBank 1 Utvikling DA		SpareBank 1 Gruppen AS 9,6%		BN Bank ASA
EiendomsMegler 1 Norge AS		SpareBank 1 Forsikring AS (pensjonsselskapet)		SpareBank 1 Betaling AS
SpareBank 1 Kundesenter AS		LOfavør AS (49%)		SpareBank 1 Boligkreditt AS
		SpareBank 1 Factoring AS		SpareBank 1 Forvaltning AS m. døtre
		Modhi Finance AS		- ODIN Forvaltning AS
		Spleis AS		- SpareBank 1 Kapitalforvaltning AS
		Fremtind Forsikring AS (65%)		- SpareBank 1 Verdipapirservice AS
				SpareBank 1 Kreditt AS
				SpareBank 1 Markets AS
				SpareBank 1 Mobilitet
				SpareBank 1 Næringskreditt AS
* Bankenes eigarbrøker i SpareBank 1 Utvikling DA / SpareBank 1 Gruppen AS				SpareBank 1

Samspar

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein av 10 aksjonærar med 7,25 % eigarskap i Samarbeidende Sparebanker AS (Samspar). Samspar blir eigd av 10 sjølvstendige sparebankar, og er ein allianse i alliansen. Samspar har fellesadministrasjon i Oslo. Bankane eig SpareBank 1 Gruppen gjennom eigarskapet sitt i Samspar. Samspar er ein

viktig samarbeidsarena for bankane, som legg til rette for og fremjar samarbeid på område som t.d. datavarehus, finansiering, marknad, betalingsformidling, IT, plassering og økonomi. SpareBank 1 Lom og Skjåk har ein indirekte eigardel på 1,41 % i SpareBank 1 Gruppen gjennom eigarskapet sitt i Samspar.

EiendomsMegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS

Banken er deleigar i EiendomsMegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS med 22,65 %. Selskapet er medlem av EiendomsMegler 1, og vi meiner eigarskapet vårt kan gje synergi-effektar. Dette ynskjer vi å utnytte enda betre i

framtida, noko som òg vil inngå i bankstrategien. Årsresultatet i 2021 vart kr 2 993 779,- etter finans og skatt. Omsetninga var stabil i 2021, kr 38 121 589,-.

SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS

SpareBank 1 Lom og Skjåk eig 1,10 % i SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS. Dette er ein av dei tre største aktørane i rekneskapsbransjen, med meir enn 500 medarbeidarar fordelt på over

40 kontor i Trøndelag, Møre og Romsdal og Innlandet. Her i området har SpareBank 1 Regnskapshuset kontor i Skjåk, på Bjorli, Lesja og på Dombås.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Næringslivsfond

Næringslivsfondet i banken har ein grunnkapital på kr 4 000 000,-. Formålet til fondet er å styrke næringslivet blant bankkundane våre i marknadsområdet Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre.

Utdeling frå fondet kan gjevast i form av tilskot og næringsstipend etter mottekne søknader. Tilskot frå fondet skal nyttast til finansiering av undersøkingar og forsøk med sikte på å koma i gang med ny verksemd, og styrke eksisterande verksemd med finansiering av produktutvikling, konsulenttenester, opplæringstiltak og marknadsføring.

Næringsstipend vart delt ut første gongen i 2019. Næringsstipendet skal vera eit bidrag til nyskaping, utvikling og vekst i næringslivet, med mål om fleire varige arbeidsplassar i heimemarknaden til SpareBank 1 Lom og Skjåk i Norddalen. Stipendet kan delast ut til nyetablerarar og næringsdrivande, eller til samanslutningar der hovudvekta av næringsdrivande er innanfor heimemarknaden.

Nøkkeltal

Tal i tusen kroner	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Forvaltningskapital	8.057.200	7.161.180	6.302.030	5.908.603	5.581.965	5.213.827	4.879.769
Overført til Boligkreditt (BK)	1.914.651	1.722.071	1.593.166	1.476.215	1.390.274	1.248.873	1.024.664
Forvaltningskapital inkl. BK	9.971.851	8.883.250	7.895.196	7.384.818	6.972.239	6.462.700	5.904.433
Brutto utlån (til kundar)	6.607.679	6.033.050	5.584.930	5.119.952	4.641.105	4.494.645	4.114.448
Brutto utlån (til kundar) inkl. BK	8.522.330	7.755.121	7.178.095	6.596.167	6.031.379	5.743.518	5.139.112
Innskot frå kundar	6.048.761	5.200.611	4.527.161	4.356.245	4.008.332	3.784.583	3.398.765
Resultat underliggjande drift eks. tap	43.268	58.461	67.794	56.756	56.882	63.538	50.210
Tap på utlån	4.307	27.010	4.170	-4.750	4.427	3.040	-1.420
Resultat underliggjande drift inkl. tap	38.961	31.452	63.624	61.506	52.456	60.498	51.630
Utbytte og verdiendring fin. Instrument	27.932	-1.444	39.728	4.331	8.597	17.848	-2.832
Resultatdel TS og FKV	40.242	42.514					
Resultat før skatt	107.135	75.522	158.895	92.168	103.710	100.218	55.598
Resultat etter skatt	95.036	66.201	140.159	74.830	88.221	84.504	39.845
Eigenkapital	1.182.224	1.087.610	970.371	831.668	758.096	670.389	590.133
Rentenetto	1,43 %	1,67 %	2,08 %	1,84 %	1,95 %	2,09 %	1,98 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,67 %	0,66 %	0,64 %	0,65 %	0,67 %	0,63 %	0,68 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,51 %	1,43 %	1,57 %	1,47 %	1,54 %	1,42 %	1,58 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	56,65 %	47,87 %	43,88 %	50,60 %	45,72 %	45,77 %	57,15 %
Resultat før andre inntekter og kostnader i % av gj.snitt forvaltningskapital	1,21 %	0,96 %	2,29 %				
Tap i prosent av brutto utlån	0,07 %	0,35 %	0,07 %	-0,09 %	0,10 %	0,07 %	-0,03 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	0,85 %	0,73 %	0,59 %	0,54 %	0,67 %	0,61 %	0,82 %
Misleghaldsprosent	0,08 %	0,15 %	0,28 %	0,08 %	0,52 %	0,32 %	1,07 %
Eigenkapitalandel i balanse	14,67 %	15,19 %	15,40 %	14,08 %	13,58 %	12,86 %	12,09 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	9,44 %	6,95 %	17,50 %	11,50 %	14,43 %	15,88 %	9,67 %
Kapitaldekning	21,83 %	22,22 %	22,71 %	20,63 %	20,85 %	18,03 %	17,23 %
Kjernekapitaldekning	21,83 %	22,22 %	22,71 %	19,29 %	19,61 %	17,66 %	16,51 %
Rein kjernekapitaldekning	21,83 %	22,22 %	22,71 %	19,29 %	19,61 %	17,66 %	16,51 %
Rein kjernekapitaldekning, konsolidert	21,54 %	21,81 %	22,07 %	18,80 %			
Kjernekapitaldekning konsolidert	21,74 %	22,03 %	22,33 %	19,07 %			
Kapitaldekning, konsolidert	21,97 %	22,31 %	22,65 %	20,57 %			
Utlånsvekst (eks. tapsavsetningar)	9,52 %	8,02 %	9,08 %	10,32 %	2,92 %	9,24 %	5,21 %
Utlånsvekst inkl. BK	9,89 %	8,04 %	8,82 %	9,36 %	5,01 %	11,76 %	7,18 %
Innskotsvekst	16,31 %	14,88 %	3,92 %	8,68 %	5,88 %	11,35 %	6,99 %
Innskot i % av utlån	91,86 %	86,20 %	81,06 %	85,08 %	86,63 %	84,20 %	82,61 %
Endring forvaltningskapital	12,51 %	13,63 %	6,66 %	5,85 %	7,06 %	6,85 %	5,08 %
Brutto utlån næring	43,21 %	44,55 %	43,71 %	41,90 %	39,47 %	40,75 %	41,58 %
Brutto utlån privat	56,79 %	55,45 %	56,29 %	58,10 %	60,53 %	59,25 %	58,42 %
LCR	180,89 %	170,09 %	170,00 %	158,00 %			
Tal på tilsette	62	59	55	54	54	52	50
Tal på årsverk	61	58	54	53	53	50	48

Årsmelding frå styret

Generelt

SpareBank 1 Lom og Skjåk vart stifta 27. mai 1873 og opna 2. januar 1874. Det opphavlege grunnfondet var på kr 1 200, som vart gjeve av lensmann Staff med kr 800 og frå Lom kommune og Skjåk kommune med kr 400. SpareBank 1 Alliansen vart etablert i 1996, og SpareBank 1 Lom og Skjåk gjekk inn i alliansen i 1998.

Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken skal vera ein kostnadseffektiv bank, og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selja og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet, slik at kundane får den beste rådgevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågå, på Dombås og i Oslo.

Eigarstyring og selskapsleiing

Det øvste organet i SpareBank 1 Lom og Skjåk er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er samansett av 12 medlemmer og 4 varamedlemmer, der 9 medlemmer og 3 varamedlemmer er valde av og blant kundar i banken. Resten av medlemmene blir valde av og blant dei tilsette. Generalforsamlinga har etablert ein uavhengig valkomité som innstiller på kandidatar til generalforsamling og styre i banken, utanom representantane valde av og blant dei tilsette. Vedtektene i banken vart sist endra 11.03.2021, og vedtektene er offentleggjorde på heimesida til banken.

Forvaltninga av banken høyrer til under styret. Dei fire eksterne medlemmene blir valde av generalforsamlinga. Dei to andre medlemmene blir valde av og blant dei tilsette. Styret skal sørge for ei forsvarleg organisering av banken og har ansvaret for å etablere kontrollsystem og sikre at verksemda blir drive i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og forskrifter. Dei etiske retningslinene i banken er gjennomgått og godkjent i styret. Retningslinene er formidla

til dei tilsette, og er tilgjengelege på heimesida til banken

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd eigen styreinstruks. Instruksen skal sikre tillit til styret og leiinga og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar.

Styreinstruksen blir evaluert årleg, og vart sist revidert av styret 26.04.2018, utan vesentlege endringar.

Styret har etablert eit felles risiko- og revisjonsutval og eit godtgjeringsutval. Banken har tilsett eigen fagansvarleg risk og compliance, som rapporterer direkte til styret.

Styret og leiande tilsette er omfatta av den løpande styreansvarsforsikringa. Forsikringa er plassert hjå forsikringsrådgjevarar med solid kredittrating.

Rekneskapan

Framleis drift

Styret i banken stadfestar at alle føresetnadane for vidare drift er til stades, og årsrekneskapan er avlagd under desse føresetnadane. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Rapportering etter IFRS

Rekneskapan er sett opp etter IFRS med mindre noko anna følgjer av årsrekneskapsforskrifta.

Resultatrekneskapan

Resultatet etter tap og skatt vart i 2021 95,0 mill. kroner før andre inntekter og kostnader. Etter andre inntekter og kostnader er resultatet 95,5 mill. kroner. For samanlikning med tidlegare år viser vi til nøkkeltalsrapporten. Prosenttal er utrekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank1 Lom og Skjåk er nøgde med resultatet for 2021. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god, trass i at det har vore eit utfordrande år med tanke på koronapandemien. Rentemarginen i prosent av

gjennomsnittleg forvaltningskapital har aldri vore så låg som i 2021.

Renteendringane i haust gjorde at vi kunne sjå at rentemarginen gjekk noko opp på slutten av året. I 2021 bokførte vi 4,3 mill. kroner i auka tapsavsetningar og konstaterte tap. Bankstyret meiner vi har eit resultat som sikrar banken eit godt grunnlag for vidare vekst, men understrekar kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:

- Kr 10 500 000 til gåver
- Kr 84 978 262 blir overført til fondet i banken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 112,3 mill. kroner, ein reduksjon frå året før på 2,7 mill. kroner. Rentenettoen utgjør 1,43 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarande førre året var 1,67 %.

Reduksjonen i rentenettoen kan forklarast med at inntektene frå utlån til kundar har vorte redusert med meir enn utgiftene til innskot frå kundar. Vi har hatt ein stor auke i innskot, noko som har ført til høgare renteutgifter. Renteendringane på seinhausten har ført til at rentenettoen har styrka seg noko på slutten av året. Låge renter i pengemarknaden har også gjort at rentekostnadene på utferda verdipapir har vorte redusert. Styret er nøgd med rentenettoen ut frå ein hard konkurransesituasjon, men det er veldig viktig å gjera det vi kan for å få den opp fort.

Utbytte

Vi mottok utbytte og andre inntekter av eigenkapitalposisjonar på 7,0 mill. kroner. Samarbeidende Sparebanker blir bokført etter eigenkapitalmetoden i balansen. Utbytte vi mottek, blir ført mot verdiendring i selskapet. Sparebank 1 Lom og Skjåk sin resultatdel for Samarbeidende Sparebanker AS i 2021 utgjør 39,2 mill. kroner.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 52,6 mill. kroner, som utgjør 0,67 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2020 var tilsvarande tal 45,2 mill. kroner og 0,66 %. Banken har hatt ein god auke i provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt, forsikring, sparing og betalingsformidling.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,51 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2020 var driftskostnadene på 1,43 %. Lønn og andre personalkostnader utgjør 0,85 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein auke frå 0,72 % i 2020. Dersom vi ser bort i frå eingongshendinga vi viser til i note 20, ville driftskostnadene ha utgjort 1,39 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktigare enn nokon gong å ha kostnadseffektiv drift av banken i fokus for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida.

Tap

Resultatførte tap utgjør i sum 4,3 mill. kroner, i tillegg til 0,4 mill. kroner som gjeld tapsavsetjingar til lån som blir vurdert til verkeleg verdi på balansen. Tapsavsetjingane blir attendeført over andre inntekter og kostnader i resultatet. Banken har konstatert tap på til saman 6,0 mill. kroner i 2021. Inngang på tidlegare konstaterte tap utgjør ei inntekt på 1,3 mill. kroner, og endring i nedskrivningar utgjør ei netto inntekt på 0,3 mill. kroner. Netto resultatførte tap utgjør 0,06 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,39 % i 2020.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 8 057,2 mill. kroner, ein auke på 12,5 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2021 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 192,6 mill. kroner til 1 914,7 mill. kroner. Forvaltningskapitalen inkludert SpareBank 1 Boligkreditt utgjør 9 971,9 mill. kroner, ein auke på 1 088,6 mill. kroner sidan 2020.

Utlån og garantiar

Utlån voks med 874,6 mill. kroner til 6 607,7 mill. kroner når vi ikkje tek omsyn til overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 7 viser fordeling mellom geografiske område. Brutto utlån auka med 9,5 % frå 2020 til 2021.

Ved utgangen av 2021 utgjør garantiar 110,6 mill. kroner. Note 7 viser garantiar fordelt på næringer, og note 35 fordelt på garantitypar. Utlån til næringslivet er på 43,2 % av totale utlån. For 2020 var dette 44,4 %.

Den gjennomsnittlege utlånsrenta rekna av netto utlån var 2,6 %.

Banken er medeigar i bustadkredittselskapet SpareBank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundinga banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utføring av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratinga må bustadkredittselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kredittratingbyråa. Ved å overføre denne typen lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet, jf. note 8.

Avsetjingar til tap

Balansen viser samla tapsavsetjingar på 57,5 mill. kroner, ein reduksjon på 0,3 mill. kroner sidan 31.12.2020. For kundar som er vesentleg kredittforringa, har banken gjort ei individuell avsetjing. Til saman utgjør dei individuelle avsetjingane for engasjement i denne kategorien 40,4 mill. kroner, ein reduksjon på 1,7 mill. kroner i 2021.

Tapsavsetjingane utgjør 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Innskot

Innskot frå kundar utgjør 6 048,8 mill. kroner, som er ein auke på 848,2 mill. kr siste året, eller 16,3 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i store innskot. Ein del av dei større innskota er etablert med bindings- tid. Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 0,83 %, tilsvarande for 2020 var 0,92 %.

Verdipapir

Behaldninga av renteberande verdipapir utgjør 477,2 mill. kroner. Av dette er 80 mill. kroner rentefond med OMF som underliggjande papir og 150 mill. kroner i pengemarknadsfond. I 2021 sette vi bort forvaltinga av renteberande verdipapir som inngår i LCR-berekninga til SpareBank 1 Kapitalforvaltning. Vi viser til note 25 for nærmare opplysningar om renteberande verdipapir.

Behaldninga av aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument utgjør 202,2 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar gjennom alliansesamarbeidet. I tillegg har vi eigardeler i tilknytt selskap og i felleskontrollert verksemd bokført med til saman 169,8 mill. kroner, sjå note 36.

Banken har behaldning av renteswappar på til saman 275 mill. kroner. Desse har ein netto negativ marknadsværdi på 3,5 mill. kroner.

For verddivurdering av verdipapir viser vi til notane 22, 23 og 25.

Bokført endring i verdipapira og andre finansielle instrument viser for 2021 ein positiv resultat effekt med 20,9 mill. kroner. Av dette gjeld negativ verdiendring på fastrenteutlån 7,0 mill. kroner og positive verdiendringar og gevinstar på eigenkapitalinstrument 15,5 mill. Av dette utgjorde gevinst ved sal av aksjar i Samarbeidende Sparebanker AS til SpareBank 1 Helgeland 7,4 mill. kroner. Verdiendringar på renteswappar gjev ein positiv resultat effekt på 12,3 mill. kroner.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen, der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjør eigenkapitalen nå 1 182,2 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitaldel på 14,67 %, rekna ved utgangen av året, mot 15,19 % ved førre årsskiftet. Rein kjernekapital, kjernekapitaldekning og kapitaldekning utgjør 21,83 %.

SpareBank 1 Lom og Skjåk konsoliderer eigar delar i SpareBank 1 Boligkreditt AS, SpareBank 1 Kreditt AS og SpareBank 1 Finans Midt- Norge AS. Etter konsolidering av desse selskapa er rein kjernekapital 21,54 %, kjernekapital 21,74 % og kapitaldekning på 21,97 %.

Funding og likviditet

Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Total eksponering og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Banken si gjeld ved utferding av obligasjonslån var 771,2 mill. kroner ved utgangen av 2021, ein reduksjon på 60,6 mill. kroner sidan utgangen av 2020. Obligasjongjeld som forfell i 2022, utgjør 125 mill. kroner. Gjennomsnittleg vekta løpetid på obligasjonsgjelda er på 2,0 år, jf. note 32.

Banken har opplevd stor innskotsvekst i 2021, noko som har styrka eigenfinansieringsgraden. Innskot målt mot netto utlån utgjør 87,25 % mot 81,90 % ved førre årsskiftet. Rapportert LCR pr. 31.12.2021 er 181 %.

Likviditetsrisikoen til banken er redusert gjennom god spreining av innlån på ulike marknader, innlånskilder og løpetider. Styret vurderer likviditetssituasjonen som god, og finansieringsmarknaden som velfungerande.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank1 Lom og Skjåk har eit mål om å ha ei balansert risikoeksponering. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og ny-etablering i primærmarknadsområdet. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at risikostyringa i banken er god, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegner og i interne retningslinjer.

Kapitalkrav

Hausten 2017 vurderte Finanstilsynet samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov for SpareBank 1 Lom og Skjåk. Dette resulterte i eit fastsett Pilar II-krav på 2,5 %. Vedtaksbrevet er offentleggjort på heimesida til Finanstilsynet.

Desse vurderingane, saman med krava i CRD-IV-regelverket, dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Styret meiner at banken er godt kapitalisert. Både rein kjernekapitaldekning og kapitaldekning har i heile 2021 vore godt over minstekravet, inkludert krav til Pilar II, i tillegg til kravet banken har til managementbuffer.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll har banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for.

Finansiell informasjon, Pilar III, blir offentleggjort på heimesida til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegner frå Finanstilsynet og dei interne retningslinjene gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av mogleg tapsutsette engasjement. Banken følgjer utviklinga i utlåns-

porteføljen tett med kvartalsvis oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikoreportar til styret. Styring av kredittrisiko tek utgangspunkt i kredittstrategi vedteken i styret.

Porteføljen for privat- og bedriftsmarknaden har gjennom 2021 hatt sunn vekst, og dei estimerte nivåa for forventta tap, uventa tap og sannsyn for misleghald er lågare enn i 2020. Det er alltid ein viss risiko i utlånsporteføljen til banken. Vi har ein risiko ved å vera med på utvikling av lokalt næringsliv, og ved at vi har store eigedomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde.

Andelen av misleghaldne engasjement er lågt ved utgangen av året. Engasjementa i både privatmarknadsporteføljen og bedriftsmarknadsporteføljen i dei tre høgste risikogrubbene er lågare enn ved utgangen av førre året. Med fokus på sunn vekst og tettare oppfølging av utsette engasjement budsjetterer banken med tap i 2022 på 0,12 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kredittrisikoen uendra til moderat.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN. Banken si eksponering mot valutalånsгарantiar er samla sett relativt låg. Denne eksponeringa har også vorte redusert mykje dei siste åra.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for tap som skuldast endringar i observerbare marknadsvariablar som renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoen for endringar i verdipapirprisar som skuldast endringar i generelle kredittprisar, blir også rekna som marknadsrisiko. Marknadsrisiko i SpareBank 1 Lom og Skjåk oppstår hovudsakleg frå det banken har investert i obligasjonar, sertifikat og aksjar og som følgje av aktivitet utført for å stø opp under bankdrifta, i første rekkje funding.

Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i strategi for marknadsrisiko vedteken i styret. Inntektene til banken skal i størst mogleg grad skapast i form av kundemarginar. Da vil banken oppnå størst mogleg stabilitet og tryggleik i innteninga. Risikoaktiviteten knytt til handel i verdipapir vil skje innanfor rammer som er vedtekne til kvar tid, fullmakter og kredittliner til motpartar. Styret vurderer marknadsrisikoen til banken som akseptabel.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle forplikningane sine etter kvart som dei har forfall. Likviditetsrisiko omfattar uføresette endringar eller svingingar i likviditetsbehovet. Døme på dette kan vera vekst i utlån og innskot, endringar i marknadsprisar, eller at kontraktfesta innskot kjem for seint eller ikkje blir noko av. Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i likviditetsstrategi vedteken i styret. Strategien blir gjennomgått årleg, og skal sikre at banken har evne til å handtere kritiske situasjonar.

Det er inngått ei samarbeidsavtale i SpareBank 1 Alliansen som forpliktar den einskilde banken til å hjelpe andre bankar i alliansen ved eventuelle finansieringsproblem. I 2021 har denne avtala ikkje medført eksponering.

Likviditetsrisikoen er primært knytt til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån og/eller reduksjon i innskot. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eigne lån i marknaden, og med det redusert likviditetsrisikoen. Det er dagleg oppfølging og vurdering av likviditeten. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar.

Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i Strategi for operasjonell risiko, som blir revidert av styret minst ein gong kvart år. Prosessen for styring av operasjonell risiko skal gjera at operasjonelle hendingar i SpareBank 1 Lom og Skjåk ikkje skal kunne skade den finansielle stillinga til banken i alvorleg grad. Det blir gjennomført risikovurderingar knytt til tenester, system og ved vesentlege endringar i eksisterande produkt og system før implementering ifølgje styrevedteken rutine. Det er fokus på samarbeid i SpareBank 1-alliansen, som skal å sikre god og stabil drift av IT-system. Banken har etablert database for registrering og oppfølging av forbetnings tiltak knytt til uønskete hendingar.

Banken har søkelys på kvalitet og kontinuerleg forbetring. 2021 har vore prega av at alle tilsette i større eller mindre grad har arbeidd frå heime. Banken har løpande vurdert nye risikoar som følgje av dette.

Styret meiner at den operasjonelle risikoen til banken er innanfor akseptable grenser.

Strategisk risiko

SpareBank 1 Lom og Skjåk merkar konkurranse og auka press på rentemarginane. Samstundes har banken fått mange nye kundar i 2021.

Måten vi driv banken på, den desentraliserte avgjerdsprosessen og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn. SpareBank 1 Lom og Skjåk er i mindre grad eksponert for strategisk risiko. Banken tok i 2019 til å leige eit lite kontorlokale i Oslo for å betene fjernkundemarknaden i området. Kontoret vart først bemanna av folk frå avdelingskontora i Nord-Gudbrandsdalen. I 2020 vart det tilsett ein avdelingsleiar, og i 2021 vart det tilsett ein finansrådgjevar. Investering og risiko er førebels avgrensa, og styret vurderer risiko knytt til etableringa som låg.

Compliancerisiko

Compliancerisiko er risikoen for at banken får bøter, andre strafferettslege sanksjonar, omdømmetap eller økonomisk tap som følgje av manglande etterleving av lover, forskrifter,

offentlege pålegg og retningsliner fastsett av styresmaktene. Styret meiner at banken har tilfredsstillande styring og kontroll med compliancerisikoen, og at eksponeringa banken har for slik risiko er forsvarleg.

Forretningskikkrisiko («conduct risk»)

Forretningsrisiko er risikoen for offentlege sanksjonar, straffereaksjonar, tap av omdømme eller økonomiske tap som følgje av at forretningsmetodar til banken eller åtferd av dei tilsette i vesentleg grad skader interessene til kundane eller integriteten banken har i marknaden. Regulering av finansbransjen har over tid utvikla seg til i stadig større grad også å omfatte regelverk for å beskytte kundar og forbrukarar. Forretningskikkrisikoen er derfor nært knytt til compliancerisiko.

Sentrale verkemiddel for å sikre god forretningskikk omfattar m.a. etiske retningsliner, interne informasjons- og opplæringstiltak, gjennomføring av risikoanalysar, system for handtering av kundeklager og ein hensiktsmessig varslingskanal. Ved etablering eller endring av produkt og tenester skal det gjennomførast naudsynt kvalitetssikring før lansering. Påskjønning- og godtgjeringsordningar skal utformast slik at ønskt åtferd blir sikra og fremma.

Styret meiner at banken har ei forsvarleg eksponering for forretningskikkrisiko.

ESG-risiko (Environment, social and governance)

ESG står for «Environmental, Social and Governance», og kan omsetjast til miljø, sosiale forhold/rettar og selskapsstyring.

ESG blir brukt som metode til å vurdere og rangere selskap etter kor godt dei gjer det med tanke på påverknad av miljøet, sosiale forhold og rettar i og rundt selskapet, og kor god selskapsstyringa er på å ta i vare alle interessentane i og rundt eit selskap. Tanken bak ESG er at risikoen på investeringane kan reduserast og gjera det mogleg å skapa ei meir berekraftig og langsiktig avkastning.

Dette er konsekvenstenking som går ut over «her og nå». Det betyr å inkludere miljøomsyn, sosiale utfordringar og god eigarstyring.

ESG-risiko for banken kan vera:

(E) Endring i natur-, klima- og/eller miljøforhold som har direkte eller indirekte negativ effekt for banken.

(S) Manglande etterleving av regulatoriske krav eller forventningar marknaden har til menneskerettar, arbeidstakarrettar og god forretningskikk.

(G) Manglande etterleving av regulatoriske krav eller forventning marknaden har når det gjeld styring og kontroll.

SpareBank 1 Alliansen har utarbeidd ei felles løysing for rapportering av ESG-faktorar knytt til kredittgjeving. Denne vart teke i bruk i 2021.

Temaet er under kontinuerleg oppdatering, og forhåpentlegvis vil dette føre til stor og positiv påverknad overfor kundar og samarbeidspartnarar.

Arbeid mot kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon

Banken har gjennom sitt arbeid med antikvitvasking som formål å førebyggje og avdekkje transaksjonar med tilknytning til ulike former for økonomisk kriminalitet eller terrorhandlingar.

Vår policy, verksemdspesifikke retningslinjer og rutinar legg tydelege føringar for korleis banken følgjer lovverket.

Alle kundetiltak og aktivitetar for å redusere risiko i verksemda skal vere risikobasert. Dette sikrar at banken brukar ressursane sine så effektivt som mogleg. Ein føresetnad for denne risikobaserte tilnærminga er at det blir føreteke ei verksemdsinnretta risikovurdering.

I banken sine retningslinjer er det lagt vekt på relevant og kontinuerleg opplæring på antikvitvaskområdet. Det er krav om årlege opplærings- og oppdateringstiltak for alle tilsette i banken med eit særskilt opplegg for kundeforhold på person- og bedriftsmarknaden.

Det er også eit krav at styremedlemmene gjennomfører eit tilpassa opplæringsopplegg. Dette har bidrege til å skjerpe fokuset og forbetre kompetansen hjå tilsette når det gjeld antikvitvasking.

Banken ser ein auke i svindelsaker og arbeider systematisk for å redusere risikoen i så måte. Banken er pålagt å rapportere mistenkjelege transaksjonar til Økokrim.

I 2021 har banken auka ressursane i arbeidet mot kvitvasking. Området har difor fått høgare prioritering og skarpere fokus samanlikna med tidlegare år. Banken har eigne dedikerte ressursar som arbeider med antikvitvaskoppgåver. I tillegg har eit medlem av leiargruppa eit ekstra antikvitvaskansvar.

Arbeidet med elektronisk overvaking av transaksjonar er utkontrahert til felles AKV-eining i SpareBank 1 Utvikling DA, og dette arbeidet blir stadig styrka. Overvaking blir gjennomført kontinuerleg basert på verksemdspesifikke risikovurderingar.

Tiltak skildra ovanfor har gjort at arbeidet er meir profesjonalisert, med skarpere fokus og betre kompetanse hjå tilsette innanfor AKV-området. Ikkje minst gjeld dette arbeidet mot identitetstjuveri, svart økonomi og terrorfinansiering. Arbeidet vil framleis ha høg prioritet i 2022, med ytterlegare styrking av ressursar på området.

Berekraft

I strategiplanen for perioden 2020–2023 heiter det at SpareBank 1 Lom og Skjåk vil ta eit tydeleg samfunnsansvar. Kundane vil ønskje å velje oss fordi vi er Fjellbanken. Då må vi ha eit aktivt tilhøve til miljø og berekraft i alt vi gjer. Vi har mål for ansvarleg og berekraftig bankdrift og vil forankre ein kultur for berekraftig verksemd både internt i banken og ut mot kundar og samarbeidspartnarar.

Det ligg i kulturen til ein lokal sparebank å finne gode løysingar for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet den er ein del av. Sjølv om dette har vore ein naturleg del av historia til banken,

ynskjer vi å delta i og å vera ein pådrivar for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet også i framtida.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har i mange år utarbeidd sin eigen klimarekneskap knytt til verksemda vi sjølve driv. Denne rekneskapen er omtala i eit eige kapittel i årsmeldinga. Vi kjøper klimavotar for å kompensere for klimagassutsleppet vårt.

Vi ser også at vi gjennom den påverknaden vi har gjennom å yte finansiering kan vere ein bidragsyter til å påverke kva haldning kundane våre har til berekraft.

Finansiering

SpareBank 1 Lom og Skjåk har drive berekraftig utvikling av lokalsamfunna våre i snart 150 år. Å yte lån til kundar, både næringsliv og privatkundar, er kjerneverksemda til banken. Gjennom utlånsverksemda vil vi bidra til lokal verdiskaping for at regionen vår skal vera eit attraktivt område for dei som bur og driv næringsverksemd her.

Gjennom å yte finansiering har vi stor kraft til å påverke, og vi kan derfor vere ein pådrivar for omstilling både for næringsliv og personkundar i berekraftig retning.

Frå og med 2021 er det krav om at ESG-risiko (miljø, sosiale forhold/rettar og selskapsstyring) skal vurderast for låneengasjement over eit visst nivå. SpareBank 1-bankane har utarbeidd og teke i bruk ei felles løysing for rapportering av ESG-faktorar knytt til kredittgjeving. Ved bruk av denne løysinga vil vi gjera kundane meir medvetne ved å stille relevante spørsmål og å ha dialog om temaet.

Vi har etablert låneproduktet «Fjellbanken Energilån», som gjev kundane gunstige finansieringsvilkår dersom dei ynskjer å gjera energisparande tiltak i næringsbygg, bustad eller fritidsbustad. Fjellbanken Energilån kan ytast både til privatpersonar og næringskundar.

Sparing og plassering

Kundane våre har store midlar plasserte i ulike fonds- og spareprodukt. Gjennom rådgjeving i banken eller ved bruk av sjølvbeteningsløysinga i nettbanken kan kunden sjølv få oversikt over berekraftige fond. Dei fonda vi tilbyr er merka med karakter med tilhøyrande berekraftscore i nettbanken. Dette viser på kva måte fondsforvaltarane dokumenterer arbeidet dei gjer med berekraft gjennom ansvarleg eigarskap, samfunnsnyttige investeringar eller eksklusjon av selskap i porteføljen.

Gjennom eigarskapet vårt i SpareBank 1 Forvaltning AS er vi deleigar i ODIN Forvaltning, som er eitt av dei leiande fondsforvaltningsselskapa i landet. ODIN investerer i berekraftige kvalitets-selskap, og består av godt etablerte verksemdar som påverkar berekraft på ein positiv måte. ODIN ynskjer å påverke selskapa dei investerer i først og fremst gjennom aktivt eigarskap ved å påverke dei aktivt til å ta enda meir berekraftige val.

SpareBank 1 Lom og Skjåk investerer også deler av overskotslikviditeten i verdipapirmarknaden. Det aller meste av dette er plassert i investeringar i stat- og statsgaranterte papir, obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) og norske og nordiske kommunar. I 2021 sette vi bort forvaltninga av denne verdipapirporteføljen til SpareBank 1 Kapitalforvaltning. Det var viktig for oss ved val av leverandør av denne tenesta at leverandøren hadde eit aktivt forhold til berekraftsarbeid.

Menneskerettar

SpareBank 1 Lom og Skjåk har ikkje utarbeidd eigne retningsliner på dette området. Risikoen for brot på menneskerettane er liten, da banken har forretningsdrift i Noreg, og med det opererer i samsvar med lover, reglar og konvensjonar.

I staden for eigne retningsliner meiner banken å vera dekt gjennom etiske reglar, der hovudprinsippa sikrar korleis tilsette og tillitsvalde i banken skal opptre, og kva for haldningar som skal ligge til grunn for avgjerder i gjevne situasjonar. Ut over dette har SpareBank 1 Banksam-

arbeidet DA på vegner av SpareBank 1-alliansen innarbeidd krav til at alle i alliansen skal halde seg innanfor menneskerettane i innkjøpsrutinane.

Innkjøpsrutinane til SpareBank 1 Gruppen krev at alle innkjøpsavtaler inkluderer eit vedlegg om samfunnsansvar. Det følgjer ei varslingsplikt frå leverandøren, og leverandøren blir også pålagt plikt til å følgje opp underleverandørar. Brot på vedtak om samfunnsansvar blir sett på som brot på kontrakten og kan gje grunnlag for heving av avtala.

Banken meiner at nåverande ordning fungerer hensiktsmessig.

Korrupsjon

Banken har nulltoleranse overfor korrupsjon. Dei etiske retningslinene i banken skal bidra til bevisstgjeri og etterleving av den etiske standaren som blir kravd. Dei etiske retningslinene for tilsette og tillitsvalde inneheld korrupsjonsmotverkande punkt. Dette gjeld gåver, andre fordelar eller koplingar til seg sjølv eller nærstående med tanke tilsettingsforhold eller verv. Etiske dilemma blir også forankra gjennom AFR-sertifisering av rådgjevarane. Registrerte tilfelle av forsøk på korrupsjon skal rapporterast i ein eigen hendingsdatabase. Det er etablert ein eigen varslingsplakat med rapporteringslinjer i tillegg til omtale av varslingslinjer i dei etiske retningslinjene. Det er ikkje registrert brot på retningslinjene knytt til korrupsjon.

Personvern

Banken forvaltar store mengder persondata, og det blir stilt strenge krav til handsaming av kundeinformasjon. Auka digitalisering set også stadig større krav til sikkerheit og vern av enkeltindivid, slik at personvernet blir teke vare på ved utvikling av tenester og produkt.

Personvern i bank handlar om å sikre naudsynt konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit til alle personopplysingar som er eigd, handsama eller forvalta av banken. Banken har policy, retningslinjer og rutinar for behandling av personopplysingar som skal sikre at vi etterlever personvernregelverket.

Banken har utpeikt eit personvernombod som legg til rette for ansvarleg behandling av personopplysingar. Personvernombodet gir råd til administrerande banksjef om personvernarbeidet i banken. Alle marknadsføringskampanjar som blir gjennomført i regi av banken, blir også kontrollert av personvernombodet med tanke på etterleving av personvernregelverket. Nye tenester og produkt blir risikovurdert før implementering. Personvernombodet deltek i risikovurderinga i alle implementeringar der det er behandling av personopplysingar.

Banken sørgjer for at brot på personvernregelverket bli handsama raskt og meldt til Datatilsynet i tråd med personvernforordninga.

Gjennom 2021 har det vore gjennomført fleire opplæringstiltak om GDPR, m.a. under compliance og sikkerheit sine foredrag, i tillegg til artiklar på intranettet til banken. Alle medarbeidarane har fått informasjon, og det er gjennomført obligatorisk nettkurs for alle tilsette.

Revisor

Den eksterne revisoren til banken er PricewaterhouseCoopers AS. Banken er ikkje pliktig til å ha internrevisor, og banken har ikkje etablert avtale om internrevisjon.

Tilsette

Leiargruppa

Dei fire i leiargruppa til Fjellbanken har ulike kvalitetar, styrker og kompetanse, og utfyller kvarandre godt. Felles er at dei brenn for utvikling av Fjellbanken, for lokalmiljøet og berekraftig vekst. Saman med dei andre tilsette og mellomleiarane utgjør dei eit lag vi stolte kallar for Fjellbanken.

Medarbeidarane våre

Dei viktigaste ressursane i Fjellbanken er engasjerte og dyktige medarbeidarar. Desse er kvar dag med på å skapa resultatet, både for banken og lokalsamfunnet. Vi ser at omstillingsevne og kontinuerleg utvikling er avgjerande for å møte kundane i framtida, og med det også konkurransekrafta til banken. Derfor er oppdatert fagkompetanse og digital kompetanse kombinert med endringsevne vesentleg for dei tilsette i framtida. Tilrettelegging av strukturert kompetanseutvikling er eit viktig tiltak. Samstundes er arbeidsoppgåvene til kvar einskild ein god læringsarena. En stor del av utviklinga og

læringa skjer i det daglege. Dette byggjer på ein god læringskultur og medvit om kva og korleis ein lærer. Systematisk kunnskapsdeling er ein viktig del av dette.

Som følge av nye oppgåver og nye måtar å utføre prosessar på skal kompetanse utviklast etter kvart som behov oppstår. Verkemidla er både utvikling av tilsette vi alt har og rekruttering av nye medarbeidarar. Det blir ved behov gjort løpande justeringar av banken. I 2021 har det mellom anna vore søkelys på å leggje til rette for samarbeid på tvers av funksjonar og avdelingar. Det skal arbeidast kryssfunksjonelt, og samarbeid står i fokus.

Dei tilsette er den viktigaste kapitalen banken har. Det er vesentleg for banken å vera ein attraktiv arbeidsplass, noko som også er nedfelt i strategiplanen. Dette er viktig både for å behalde viktig kompetanse og knyte til seg folk med ønskt kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar. For å klare dette er det viktig å tenkje framover. I samband med det har banken mellom anna delteke på seminar og idéverkstad

Unni Strand

Administrerende banksjef



Unni har vore adm. banksjef for Fjellbanken sidan 2016. Ho er utdanna handelsøkonom og har ei rekkje kurs innan organisasjon og leiing og med brei erfaring frå både kommunal og privat verksemd. Ho har hatt ulike leiastillingar, ma i DNB. Unni er ei aktiv dame også på fritida, med ei rekkje styreverv, og med stor interesse for trening og friluftsliv.

Arne Bjørgen

Leiar Kundretta verksemd



Arne tok til i Fjellbanken hausten 2021 og er den nyaste i leiargruppa. Arne har bedriftsleiing frå BI og har etter 20 år med kunden i fokus, nyttig erfaring og kompetanse. Med sitt samfunnsengasjement, sin sosiale og utadventde framtoning og si drivkraft, leiar han alle kunderetta funksjonar og er med på vidareutviklinga i Fjellbanken.

Anne Kjæstad Veggum

Leiar Forretningsutvikling, Økonomi og Finans, NK-funksjon



Anne har vore i Fjellbanken sidan 2016 og har vore i leiargruppa sidan 2018. Ho er statsautorisert revisor og tok til i Fjellbanken som RiskController i 2016, etter ni år i EY. Anne er genuint oppteken av å skape berekraftig vekst og gode arbeidsprosessar, samt av kvalitet.

Tone Nygård Engemoen

Leiar HR, utvikling og kommunikasjon



Tone er utdanna yrkespedagog fra OsloMet. Tone starta i Fjellbanken våren 2020 og har meir enn 25 års erfaring med leiing av endringsarbeid og utviklingsarbeid frå både offentleg og privat sektor.

om rekruttering i regi av «Krafttak for grønn vekst», som skal vera med på å skapa arbeidsplassar for framtida. Skal regionen lykkast med å trekkje til seg talent, er vi avhengige av å arbeide langsiktig saman, på tvers av næringar og kommunegrenser. Dette ynskjer Fjellbanken å vera ein del av.

Banken hadde gjennom året både nytilsette og tilsette som gjekk av med pensjon. Ved utgangen av 2021 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 62 fast tilsette ved dei fem kontora. Dette utgjør til saman 60,6 årsverk.

Vi har fått sju nye medarbeidarar i 2021. Det er finansrådgjevar Malin Bagøien, rådgjevarar for kundesenter Linda Grindstuen Lie, Birgit Jonsdotter Løyland, Eirik Tallerås (i vikariat), Kjell Erik Nestvold (i vikariat), leiar for kunderetta verksemd Arne Bjørgen og teamleiar for forsikring Trond Bråten.

Den teknologiske og regulatoriske utviklinga, konkurransen i marknaden og endringar i kundeåtfærd stiller auka krav til dei tilsette i banken, både når det gjeld endringsvilje og utvikling av kompetanse.

I banken er 27 av medarbeidarane sertifiserte, autoriserte finansrådgjevarar, 22 sertifiserte innan godkjenningssordninga for skadeforsikring, 26 sertifiserte innan godkjenningssordninga for kreditt og 24 sertifiserte innan personforsikring.

I samsvar med strategiplanen og målet om å vera ein attraktiv kompetansesarbeidsplass har banken gjennomført ei omfattande kompetansekartlegging blant alle tilsette. Denne prosessen vart køyrt med hjelp og godt samarbeid med «Steg for Steg».

Auka kompetanse vil ytterlegare forsterke kvaliteten i rådgjevinga og dialogen med kundane. Både leiinga og styret i banken set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Tilsette i Fjellbanken på kveldstur på Galdhøpiggen etter jobb 31. mai 2021.



Likestilling

Banken er ein viktig samfunnsaktør med plikt til å drive berekraftig. Vi har godt omdømme som ein attraktiv arbeidsgjevar, og ynskjer å spegle samfunnet vi er ein del av. Det er eit mål at både kjønn er representert i balansert grad blant dei tilsette. Det blir lagt vekt på kompetanse og eigenskapar i utvalsprosessar, utan omsyn til kjønn når det gjeld å søkje og bli vurdert for vidare utvikling og nye stillingar. Dei 62 fast tilsette ved utgangen av 2021 fordeler seg med 34 kvinner og 28 menn. Alle har like moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling.

Resultatet av det målretta arbeidet med kjønnsbalanse i bestemmande organ blir synleggjort gjennom kjønnsfordeling i styrande organ og i leiargruppa i banken. Leiargruppa i banken er ved årsslutt 2021 samansett av ein mann og tre kvinner. Styret er samansett av tre menn og tre kvinner.

Styret er tilfreds med fordelinga mellom kvinner og menn i banken, og vil arbeide for å ha god kjønnsfordeling blant dei tilsette og i leiinga også i framtida.

Kriteria for fastsetjing av lønn er heller ikkje påverka av kjønn. Målsetjinga om at det ikkje skal vera lønnskilnad mellom kvinner og menn i banken for medarbeidarar i same type stilling, meiner vi er oppfylt. Det kan vera lønnskilnader mellom stillingar ut ifrå stillingsinnhald og krav til kvalifikasjonar.

Fleksitid kan nyttast i dei fleste avdelingane, med tilrettelagde ordningar for å kunne kombinere arbeid og familieliv i ulike livsfasar. Banken er fleksibel når det gjeld å innvilge permisjon og deltidsordningar for kvinner og menn som er i ein omsorgssituasjon.

Diskriminering

Diskriminering er det same som usakleg forskjellsbehandling, som vil vera i strid med arbeidsmiljølova. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal arbeide målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Det er ei målsetjing i Sparebank 1 Lom og Skjåk at etnisk tilhøyr ikkje skal vera til hinder for å bli rekruttert. Korkje styret eller administrasjonen er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.

Banken har utarbeidd eigen rutine for varsling av kritikkverdige forhold. Dette gjeld alle former for trakassering og anna uønskt oppførsel – som mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, kriminelle forhold og forhold der liv og helse er i fare.

Varsel som blir motteke, blir kvalitetssikra og vurdert før det blir vidaresendt til varslingsgruppa i banken.

For å styrke arbeidet for likestilling og ikkje-diskriminering ytterlegare, vart rammeverket for varsling av kritikkverdige forhold og varslingsplakat revidert i 2021. Det er også inngått avtale med EY for drift av ekstern varslingssteneste ved eventuelle kritikkverdige forhold.

Arbeidsmiljø

Banken har som mål å vera ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for medarbeidarar i alle aldersgrupper og livsfasar. Banken legg til rette for at balansen mellom arbeid, heim og fritid skal vera god for alle medarbeidarane. Banken ynskjer også å hjelpe dei tilsette med å oppretthalde god helse gjennom å stimulere til fysisk aktivitet.

Banken har eit omfattande og robust rammeverk for organisasjonen, som skal sørge for at arbeidstakarrettane blir oppfylt. Dette gjeld m.a. personalhandbok, HMS-handbok og etiske retningslinjer.

Banken har ulike utval for å sikre at desse retningslinene, prinsippa, prosedyrane og standardane blir omsett til handling. Eksempel er tilsetjingsutval, arbeidsmiljøutval, tillitsvalde, verneombod og bedriftshelseteneste. Det blir utført internkontroll i samsvar med forskrift om systematisk arbeid for helse, miljø og tryggleik i verksemdar. Banken er medlem av «Aktiv med Helse», tidlegare «Frisk HMS Bedriftshelseteneste», og representant frå her deltek etter behov i møte i arbeidsmiljøutvalet.

Alle utval har gjennomført møte i 2021. Det var også planlagt vernerundar, da banken vurderer dette som eit godt og formålstenleg arbeid. På grunn av covid 19-situasjonen, som medførte smitteverntiltak og mykje bruk av heimekontor, vart ikkje dette gjennomført som planlagt. Alle tilsette har fått nødvendige hjelpemiddel til å kunne arbeide frå heime.

Samla sjukefråvær i 2021 utgjorde 3,14 % for kvinner og 3,21 % for menn, totalt 3,17 % mot 5,53 % året før. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2021.

Utgreiing om likestilling

	2021	2020
Del av kvinner fordelt på stillingsnivå		
Leiargruppa	75,0 %	57,1 %
Andre leiarar	14,3 %	40,0 %
Andre tilsette	58,8 %	58,7 %
Kvinner i styret	50,0 %	50,0 %
Gjennomsnittleg lønn		
Kvinner	596 026	579 770
Menn	691 933	640 788
Lønna til kvinner som del av lønna til menn		
Leiargruppa	119,0 %	99,8 %
Andre leiarar	67,2 %	99,9 %
Andre tilsette	83,8 %	88,5 %
Uttak av foreldrepermisjon (dagsverk)		
Kvinner	534	46
Menn	14	
Sjukefråvær		
Kvinner	3,1 %	4,7 %
Menn	3,2 %	6,8 %
Fråvær pga sjuke barn, inkl. legemeldt fråvær og koronafråvær (dagar)		
Kvinner	13	31
Menn	14	7
Del av tilsette i deltid*		
Kvinner	12 %	15 %
Menn	7 %	8 %

*Deltid er ein følge av eigne ynskje da alle blir tilsett i 100% stilling.

